



Hardanger



Hardanger  
Ungdomsråd

... med auge for framtida!

Innkalling: **HARDANGER UNGDOMSRÅDSMØTE**  
Dato: Torsdag 09.02.2017  
Stad: Hardangerrådet i Kinsarvik  
Tid: 09.30 – 14.00

AGENDA:  
09 30 Hardanger Ungdomsråd sakshandsaming  
11 00 Lunsj  
11 45 Sakshandsaming HU fortset

INSPIRASJON: ?

|                     |   |
|---------------------|---|
| <b>HU-sak 01/17</b> | <b>Konstituering</b>  |
| <b>HU-sak 02/17</b> | <b>Møteplan 2017</b>  |
| <b>HU-sak 03/17</b> | <b>Uttale om helsesøster på skulane i Hardanger</b>   |
| <b>HU-sak 04/17</b> | <b>Aktivitetshelg 2017 i Odda</b>   |
| <b>HU-sak 05/17</b> | <b>Uttale til Helse Fonna om akuttkirurgi i Hardanger</b>   |
| <b>HU-sak 06/17</b> | <b>Brev til Helse Bergen</b>  |
| <b>HU-sak 07/17</b> | <b>Kontakta Skyss for å be om eit «Rutemøte»</b>  |
| <b>HU-sak 08/17</b> | <b>Orienteringssaker</b><br>➤ Hardanger UngdomsTING 2017 - Evaluering<br>➤ Felles klubbkveld?<br>➤ Pressemelding<br>➤ Skal me kontakta «Verdensdagen for psykisk helse» |
| <b>HU-sak 09/17</b> | <b>Informasjon om arbeid frå den einskilde kommune/herad sine ungdomsråd i Hardanger.</b>   |

*Forfall må meldast:*

*Hardangerrådet v/*

*Trude Lægreid Rinaldo tlf 489 54 550*

*trude@hardangerraadet.no*

*Varamedlemmene møter etter særskild innkalling.*

Kinsarvik 1.2.2017

Trude Lægreid Rinaldo  
Konsulent Hardangerrådet

**HU-sak 01/17****Konstituering**

Vedlegg:

Vedtekten til Hardanger Ungdomsråd

**Saksutgreiing:**

Val av møteleiar. Hardangerrådet held sekretær. Gjennomgang  
av vedtekten til Hardanger Ungdomsråd.

Val av leiar og nestleiar i Hardanger Ungdomsråd 2017

**Forslag til vedtak:**

..... er vald til leiar for Hardangerungdomsråd i 2017

..... er vald til nestleiar for Hardanger Ungdomsråd i 2017

**HU-sak 02/17****Møteplan 2017****Forslag til vedtak:****Møteplan 2017 Hardanger Ungdomsråd**

|                                 |  |  |  |                                     |             |  |   |                                 |   |  |
|---------------------------------|--|--|--|-------------------------------------|-------------|--|---|---------------------------------|---|--|
| Hardanger<br>Ungdomsråd<br>2017 | Torsdag<br>19.<br>januar<br><br>Kvam<br><br>Hardanger<br>Ungdoms<br>TING | Torsdag<br>09.<br>februar<br><br>Kinsarvik | Torsdag<br>09.<br>mars<br><br>Eidfjord | Torsdag<br>06.<br>april<br><br>Odda | M<br>A<br>I | J<br>U<br>L<br>I<br>/ A<br>U<br>G<br>U<br>S<br>T | Fredag-<br>Søndag<br><br>September<br>2017<br><br>Aktivitets-<br>helg<br>i Odda | O<br>K<br>T<br>O<br>B<br>E<br>R | Torsdag<br>02.<br>november<br><br>Ullensvang<br>HU rådsmøte<br>Konstituering<br>&<br>Hardanger<br>UngdomsTING | Torsdag<br>07.<br>Desember<br><br>Jondal |
|---------------------------------|--|--|--|-------------------------------------|-------------|--|---|---------------------------------|---|--|

**HU-sak 03/17****Uttale om helsesøster på skulane i Hardanger****Ei kort påminning om kvifor skulehelsetenesta er viktig**

Som ungdom kjenner me på press i frå alle kantar. Ein skal gjere sitt beste på skulen, vere med på fleire fritidsaktivitetar og ha tid til vene og famelie. Ofte kan ein ha ei kjensle av at ein ikkje strekker til eller at det er noko innvendig som plagar ein. Uheldigvis er det ikkje slik at alle har nokon dei stoler på og kan snakke med, som ein lærar eller ein venn, og det er ikkje alt ein vil snakke med foreldra sine om.

Psykisk helse blant ungdom er eit omdiskutert tema, og personar som har psykiske plager vil sjeldan at andre skal vite om det. Fleire av desse plagene kan ein ikkje direkte sjå på vedkommande. Psykiske plager kan mellom anna vere angst og depresjon, åtferdsproblem, sjølvskading eller spiseforstyrrelse. Desse plagene går ut over meistring og læringsmiljøet til barn og unge. Derfor er det viktig at det blir teke tak i og prøvd å gjere noko med. For at ein skal kunne gjere noko med det må ein person med slike psykiske plager fortelje det til nokon. Der kan helsesøster på skule eller helsestasjon vere ein god støttespelar.

I frå eigne erfaringar har helsesøster vore med å forbetra klassemiljø, mange har brukt helsesøster flittig for å snakke om ulike problem. Ein treng sjølv sagt ikkje ha psykiske plager for å gå til helsesøster. Helsesøster kan hjelpe til med så mangt! Barn og unge treng ein plass dei kan gå til om dei har eit behov for å snakke med nokon om det dei har på hjarta.

Helsestasjon og helsesøstre har ikkje berre i oppgåve å snakke med barn og unge. Nokre av dei andre arbeidsoppgåvene deira er blant anna å gje vaksine eller utføra barnekontrollar. Dette er også viktige tilbod som ein ikkje må gløyme, og særskilt viktig er det at alle desse tilboda ein helsestasjon har, vert ivareteke og forbetra.

I «Forskrift om kommunens helsefremmede og forebyggende arbeid i helsestansjons- og skolehelsetjenen» §1-1 om formål heiter det at; Formålet med forskriften er gjennom helsestansjons- og skolehelsetjenesten å:

- a) fremme psykisk og fysisk helse
  - b) fremme gode sosiale og miljømessige forhold,
  - c) forebygge sykdommer og skader.

Det må aldri gløymast. Sjølv om tilbodet fleire plasser er bra slik det er i dag, må det aldri vere ein tanke å redusere tilbodet.

## Forslag til vedtak:

Forslag til fellesuttale vert vedteken slik den ligg føre

HU-sak 04/17

Aktivitetshelg 2017 i Odda

Hardanger Ungdomsråd ber om tettare samarbeid med vertskommunen for Aktivitetshelga 2017.

Hardanger UngdomsTING var tydeleg på at dei vil ha arrangement på tvers av kommunegrenser i Hardanger, gjerne fleire, og at informasjonsflyt og samarbeid er veldig viktig.

Arbeidsoppgåver HU ser føre seg på Aktivitetshelga 2017 i Odda :

1. marknadsføring av arrangementet i eigne kommunar
  2. informasjon til ungdom i eigen kommunen
  3. fleire oppgåver

HU-sak 05/17

Uttale til Helse Fonna om akuttkirurgi i Hardanger

Uttale til Helse Fonna vert ettersendt

**Forslag til vedtak:** Uttalen slik den ligg føre.

HU-sak 06/17

## Brey til Helse Bergen

## Forslag på brev til Helse Bergen:

Hardanger Ungdomsråd kalla inn til Hardanger Ungdomsting torsdag 19. januar 2017.

Aktuelle tema vart diskutert via eit debattkurs.

Ambulanse segla opp som det viktigaste å ta tak i. Dette vart samrøystes stemt fram. Litt uventat men ikkje mindre gledeleg at dei er så engasjerte i eigen region og framtid.

Ungdom i Hardanger set krav til responstid, antall ambulansar og akutt beredskap, og meiner at dette ikkje er så bra i dag.

Ungdom vil bu i Hardanger i framtida, men då må dei kjenne at det er trygt å bu her.

Ambulanse situasjonen i Hardanger er i rask endring. Dette går utover responsida negativt, som vert lengre. Det er ikke bra.

Ungdom krev at det skal vera trygt å bu i distriktet også framtidia.

**Forslag til vedtak:** Brev slik det ligg føre.

**HU-sak 07/17****Kontakt Skyss for å be om eit «Rutemøte»**

Hardanger Ungdomsråd kalla inn til Hardanger UngdomsTING torsdag 19. januar 2017. Kollektivtransport er alltid viktig for ungdom, og var sjølv sagt eit tema denne dagen. Dei er ganske tydelege i sine ønskjer og vil gjerne drøfta dette med SKYSS

På ønskelista til ungdom står

- Fleire bussar i helgene og på kveldstid
- Ungdomskort som varer ut læretida, dvs 21 år
- Trygg heim for ein 50-lapp i Hardanger

**Hardanger Ungdomsråd har svært positive opplevelingar med å møte skyss, håpar at de tek imot oss på ny.** Inkluder ordførarane i Hardanger

**Forslag til vedtak:**

Brev om møte slik det ligg føre.

**HU-sak 08/17****Orienteringssaker**

- Hardanger UngdomsTING 2017  
Evaluering, oppsummering og tips for framtida
- Felles klubbkveld?
- Pressemelding  
Skal me senda ut, og kven gjer det?
- Skal me kontakta «Verdensdagen for psykisk helse»

**HU-sak 09/17****Informasjon om arbeid frå den einskilde kommune/herad sine ungdomsråd i Hardanger.**